

SENTRALBORD:  
**53 48 21 30**

REDAKSJONEN:  
**53 48 21 45**

VAKTTELEFON:  
**53 48 21 31**

ANNONSER:  
**53 48 21 35**

15.02.2018

Valutakursar:  
Dollar: 7,73 kroner.  
Euro 9,67 kroner.  
Britiske pund 10,87 kr  
Baht 24,67 kroner

LME-pris aluminium:  
2.174 dollar per tonn.



VÊRET

Fredag blir det overskya, rundt fire grader, stille og roleg vêr. Laurdag og søndag regnbyer og stort sett uendra temperatur.

SOL & MÅNE

16. februar: Sola opp kl. 8.12, i sør kl. 12.51, ned kl. 17.31. Dagen har auka 3 t 24 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 8.40, i sør kl. 13.21, ned kl. 18.14.  
17. februar: Sola opp kl. 8.09, i sør kl. 12.51, ned kl. 17.34. Dagen har auka 3 t 29 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 8.56, i sør kl. 14.07, ned kl. 19.31.  
18. februar: Sola opp kl. 8.07, i sør kl. 12.51, ned kl. 17.36. Dagen har auka 3 t 34 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 9.12, i sør kl. 14.53, ned kl. 20.49.

FLO OG FJØRE

16. februar:	18. februar:
Fjøre 5.17	Flo 0.28
Flo 11.35	Fjøre 6.22
Fjøre 17.41	Flo 12.38
Flo 23.57	Fjøre 18.47
17. februar:	
Fjøre 5.49	
Flo 12.06	
Fjøre 18.13	

## Klimastjerne til Folgefonnsenteret

Folgefonnsenteret er neste veke vertskap for eit møte med ei gruppe verdsleiande klimaekspertar frå det internasjonale Naturpanelet (IPBES), med sir Robert Watson i spissen.

Professor sir Bob Watson har, mellom anna, tidlegare vore leiar av FN sitt Klimapanel, samt vitskapsrådgjevar til visepresident Al Gore. Rolling Stone Magazine har rangert han som ein av 25 «Movers and shakers» innan miljøarbeidet. I dag er han formann for IPBES, og neste veke samlar han troppane sine til eit møte i Folgefonnsenteret.

– I samband med dette besøket arrangerer Folgefonnsenteret eit ope miniseminar om kva kunnskap vi treng for å få til ei grøn omstilling i samfunnet, står det i ei pressemelding frå senteret.

Framifrå representantar frå norsk næringsliv og forskning deltek òg med innlegg på seminaret; Tore Furevik og Eystein Jansen frå Bjerknæssenteret for klimaforskning, Svein Sundby og Anne Dagrun Sandvik frå Havforskningsinstituttet, samt Per Øyvind Sævertveit frå Tizir og Pål G. Eide frå NCE Maritime CleanTech. I tillegg vert det paneldebatt leia av Ivar Baste, dagleg leiar ved Folgefonnsenteret og seniorrådgjevar i Miljødirektoratet. Baste er òg medlem i Naturpanelet (IPBES).

– Vi stiller spørsmål som: Kva rolle spelar vitskapen i politikken? Korleis ser industrien på utfordringane? Kva skal til for å skapa eit klimanøytralt samfunn? Kva rolle spelar havet og mangfaldet av liv på kloden? står det å lesa i pressemeldinga.

Seminaret går føre seg på engelsk, og er ope for alle. Arrangørane presiserer at dei ønskjer påmeldingar.

# Nostalgisk for eldre, aktuell for yngre



KJENSLE: Det er sterke kjensler i spel mellom hovudrollene Agnes, spelt av Osta Maria Berg Sander (t.v), og Elin, spelt av Malin Urhaug.

## På søndag er det duka for stykket «Fucking Åmål» på Halsnøy. Håpet til regissøren er at publikum kan kjenna seg igjen.

KAREN ANNA KLEPPE  
karen.kleppe@kvinnheringen.no

Sunnhordland Folkehøgskule lagar kvart år éi stor framsyning som dei viser fram på skular og til innbygarane i Kvinnherad. I år er stykket basert på filmen «Fucking Åmål» av Lukas Moodysson.

– Dette er eit stykke eg forventar ungdom skal læra av, og kjenna seg igjen i. Handlinga går føre seg på ein liten plass, ikkje så ulik frå Kvinnherad. Eg trur det kan vera fleire her som føler det likt med karakterane, seier PR-ansvarleg for stykket, og elev ved folkehøgskulen, Camilla Trosterud.

Handlinga finn stad i eit ungdomsmiljø i ei lita bygd i Sverige på slutten av 90-talet, der sentrale tema er identitet, oppvekst og usikkerheit rundt legning.

– Blant fleire tema i stykket finn du einsemd, og utfordringa

med å tora å vera deg sjølv, til prisen av den einsame kjensla, forklarar regissør og lærar ved Sunnhordland FHS, Eli Hårklau.

Elevane og lærarane har jobba intenst i to veker med stykket, for å gjera det klart til premieren på søndag, som skal gå føre seg på folkehøgskulen, og er open for alle.

– Vi har kostymeavdeling, musikarar, scenografar og skodespelarar som har jobba i åtte timar kvar dag den siste veke, for å få alt i boks, seier Trosterud.

Trosterud og Marthe Stiegler, som også er PR-ansvarlege, håpar at sjølv om stykket er mest retta

mot ungdom, er dette også noko vaksne vil setja pris på.

– Dette gjekk jo føre seg på 90-talet, så eg tenkjer det er fleire vaksne som vil kjenna seg igjen problemstillingane, kanskje spesielt rundt dette her med legning, seier Stiegler.

Både dei to PR-ansvarlege og Regissør Hårklau håpar dei vil bringa fram latter og nostalgi i salen. Og regissøren har også eit håp om at det vil komma nokre tårer blant publikum.

– Det er ei morosam, men gripande framsyning. Den er absolutt verd å få med seg, dette blir knallbra, avsluttar Hårklau.